
Fra: Denise Hagen <dpnetzley@yahoo.com>
Sendt: onsdag 31. juli 2019 17.46
Til: Postmottak Lindås
Emne: utbygging av lonene

Fra: freya hagen <freyahagen@yahoo.com>
Dato: 31. juli 2019 kl. 17:42:49 CEST
Til: Denise Hagen <dpnetzley@yahoo.com>
Emne: utbygging av lonene

Eg synest ikkje at lonene skal byggjast ut. Det er fleire grunnar til dette. Først og fremst vil det bli for mange innbyggjarar. Skulane og barnehagane er allereie fulle eller nesten heilt fulle og det vil bli for mykje trafikk om ein byggjar så mange bueiningar som det har vore foreslått å byggje. Om ein vel å byggje ut vil det vere mykje anna ein også må byggje ut eller endre på. Ein vil for eksempel bli nøydt til å byggje ut eller byggje ny ungdomsskule, og ein vil verte nøydt til å skaffe fleire bussar.

Det er også viktig at ein ikkje berre kan bu enten i byen eller på landet, men at ein også har mellomting slik som Knarvik. Ein av grunnane til at folk vel å busetje seg i Knarvik er nettopp dette. Det er ein slags mellomting mellom å bu i byen og å bu på landet. Ein anna ting er naturen. Slik som det er no, er det gode moglegheiter for å komme seg ut på tur. Vi har brekkeløypa og området rundt som blir brukt mykje av barnehagane, skulane og dei som bur i nabolaget. Eg trur mange vil synest at det er kjipt om dette blir tatt bort.

Min meining er at det ikkje hastar med å byggje ut noko stad i Knarvik, særleg ikkje rundt lonene.

Mvh Freya 14år